



Jan Tore Johnsen i front ned flaggborga.

Uskedalen.no var med på det meste. Vi maktar likevel ikkje å skriva om alt i det rikhaldige programmet. Styringsgruppa og komiteane skal ha skryt for god regi og flott gjennomført 17. mai. Det er god tid mellom øktene og det er høve til å helsa på og drøsa. I fint ver kan de gjerne vera avsett noko meir tid på Stemneplassen, men det er ikkje så enkelt å planleggja. Kva om det vert dårleg ver ?



Putekrig på bommen er alltid like morosamt.

Folketoget via Båthamna og Campingen var ei god løysing og til glede for mange tilreisande gjester. Elles så var 17. mai i år dagen der alle ville vera ute. Det var stort frammøte på Stemneplassen og på skuleplassen og kunstgrasbanen.



Russen er tilbake med sine plakatar og stunt.

Leikar for born og vaksne er eit fast innslag. Slik har det vore i manns minne. I år vart ein mellom anna invitert til sykkelløp, fotballbowling, putekrig, slå spiker med færrast mogelege slag, kast erterpose på boks og springa med potet i skei. Nokre familiar går att på vinnarsida.



17. mai var dagen då alle ville vera ute i det fine veret. Frå skuleplassen og kunstgrasbanen.

Russen sine innsalg med plakatar på strategiske plassar var uventa. Det var vanleg før, men har vore fråverande i mange år. Bodskaen er klar, men kan også vera litt underfundig med rom for tolking. **Kjell's Blomst** på Gro's blomsterbutikk er klar og eintydig. **Best på service. Sjølv med sjølvbetjening** på SPAR kan få tankane på gli, Kva skal vi med service i framtida når alt vert sjølvbetjent og digitalisert. **La Festidalen leva. Høyrsløvern til kydna** er eit klart ynskje om å ikkje oppleve det same som i fjor på Festidalen.

Deremed skulle det meste vera sagt. Ikkje det, nei. Takk til Sigmund Myklebust for salutten klokka 07.00, takk til Oliver Enes og Jonas Klette Hansen for leiinga i Hallen, takk til sokneprest, kantor og den morosame klokkaren Oddbjørg Heimark. Ei kunngjering i kyrkja kan seiast på mange måtar. I går vart det mykje lått og løye.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Anja Strüter



Det var mykje folk høgt og lågt, ved framkosten til Sterneplassen.